



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/770 - 18/721

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
12.01.2018

Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - førehandsvarsel om lovbrotsgebyr

Om saka

Kommunen syner til rammeløyve datert 23.08.2016 om etablering av tomannsbustad. Det vart gjeve igangsetjingsløyve til tiltaket i vedtak datert 27.01.2017. Vidare er det gjeve dispensasjon på vilkår frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen i saknr. 061/2015 datert 30.09.2015.

30.11.2017 motteke kommunen søknad om endringsløyve. Søknaden inneber ny høgdeplassering, bustaden hevas ca. 1 meter til topp golv på kote ca. +66 og mønehøgde op kote ca. +73,5. Det vart gjeve løyve til endringa i vedtak datert 18.12.2017.

Same dag som endringsløyve vart sendt ut fekk kommunen ei e-post av eigar av gnr. 79 bnr. 22. E-posten går i hovudsak ut på at han stille seg positiv til utbygginga, men at han saknar ei dialog på fleire vesentlege punkt.

Vidare kjem følgjande informasjon frem i e-posten sendt kommunen den 18.12.2017:

«Når grunnarbeid er starta får eg eit munnleg spørsmål frå Bolig & Eigedom AS v/Arvid Rikstad 31.05.17, om me har nokon innvendingar mot at huset vert heva 0,7 meter. Han lovar samstundes at nytt nabovarsel skal sendast på denne endringa snarleg. Eg sende skriftleg samtykke på epost til Rikstad 07.06.17. Høgda vert justert opp og bygging startar,

Nytt nabovarsel mottek eg 27.11.17, men no er endringa vorte 1 meter, med "ny" golvkote på +66 meter. Huset nærmar seg no ferdig og det er fleire veker sidan innarbeidet starta.

Frå vår side handlar ikkje dette om ei endring på 0,3 meter, men framgangsmåten. Me opplever her at ein byggjer slik ein ynskjer, og tilpassar endringsmeldinga etter dette.»

Rettsleg grunnlag:

